



## Ytre Sogn vassområde

Sogn og Fjordane vassregion

13.11.2017

### Saks/temaliste til møte av Ytre Sogn vassområdeutval

**Tid:** Måndag 20. november kl. 10 til 14

**Stad:** Øren Hotell i Høyanger

**Føremål:** Miniseminar og val av leiar og nestleiar

#### SAKS/TEMALISTE

---

Sak 1 Val av leiar og nestleiar for vassområdeutvalet

Leiaren for vassområdeutvalet bør veljast blant dei politiske representantane for kommunane. I fyrste planperiode 2010 – 2015 var Høyanger vertskommune.

Vassområdeutvalet er styringsgruppa for vassforvaltningsprosjekter i vassområdet.

---

Sak 2 Forankring av vassforvaltning i det kommunale plansystemet

Torbjørn Hasund, Sogn og Fjordane fylkeskommune

---

Sak 3 Oppfølging frå gruppearbeid på vassregionsmøtet 3. og 4. oktober – avløp, landbruk, organisering.

Sjå framlegg til vidare samhandling, vedlegg 1.

---

Sak 4 Tiltak i vassområdet i 2017

Budsjett, midlar og prioriteringar for vassområdet

---

Postadresse:  
Høyanger kommune  
Postboks 159  
6991 Høyanger  
postmottak@hoyanger.kommune.no

Telefon: 57 51 15 00

- 
- Sak 5 Ny vassforskrift – føreslag til omfattande endringar i organisering innan vassforvaltning (vedlegg 2).
- 5a Rapport frå NIBR om samhandlingsutfordringer i norsk vassforvaltning – nettforedrag av Gro Sandkjær Hanssen (NIBR)
- <http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/samferdsel-plan-og-miljo/miljo/seminar-om-norsk-vannforvaltning/>
- 5b Gjennomgang av endringsforslag (sjå vedlegg 2)
- Merete Farstad, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 5c Drøftingar :
- a. Kor viktig er vassområdeutval som samhandlingsarena (mellom kommunar og mellom stat og kommune). Erfaringsutveksling og råd for ev. vidare drift av desse
- b. Kva skal til for å få til heilskapleg forvaltninga av vassdraga, grunnvatnet, fjordane, kysten vår? Korleis bør vi organisere oss for å få det til?
- c. Er politisk forankring av arbeidet etter vassforskrifta (miljømål, tiltak) viktig på kommunalt nivå eller er ei politisk forankring ikkje viktig ? Om ein ønskjer politisk forankring; når, kor, og korleis bør ein sikre dette ? Korleis vert dette teke i vare på i framlegg til ny vassforskrift?
- d. Er det viktig at vassforskrifta er heimla i plan - og bygningslova , eller sikrast god vassforvaltning gjennom naturmangfaldlova? Kva betyr dette for kommunane når dei utarbeider kommunale planer etter plan - og bygningslova?
- 

- Sak 6 Rapport «Kommunesektorens kostnader med vannforskriften», Menon Economics – nettforedrag av Kristin Magnusson (Menon Economics)
- <http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/samferdsel-plan-og-miljo/miljo/seminar-om-norsk-vannforvaltning/>
-

## Vedlegg 1. Sak 3. Framlegg til vidare samhandling - eit avløpsprosjekt

Prosjektgruppa for Ytre Sogn vassområdet held eit møte tysdag 24. oktober 2017 for å følgje opp gruppearbeid frå vassregionutvalet 3. og 4. oktober 2017.

Prosjektgruppa drøfta utfordringar innan avløp. Gruppa vert samde om å søke midlar frå Miljødirektoratet til eit prosjekt med føremål å kartlegge områder med spreidde avløp som bør prioriterast for vidare utgreiing. Prosjektet trong støtte frå kommunanes tekniske etatar og/eller fagpersonar på avløp.

### **Framlegg til samhandling**

Vassområdeutvalet støttar prosjektgruppas intensjon om å søke midlar frå Miljødirektoratet og/eller fylkesmannen til eit prosjekt med føremål å kartlegge områder i Ytre Sogn der utgreiing av ureining frå spreidde avløp bør prioriterast. Vassområdeutvalet oppmodar kommunanes tekniske etatar og/eller fagpersonar på avløp til å støtte søknaden om midlar og estimere eigeninnsats til dette føremål.

Postadresse:  
Høyanger kommune  
Postboks 159  
6991 Høyanger  
postmottak@hoyanger.kommune.no

Telefon: 57 51 15 00

## Vedlegg 2. Sak 5. Ny vassforskrift – føreslag til omfattande endringar i organisering innan vassforvaltning.

Klima- og miljødepartementet (KLD) og Olje- og energidepartementet (OED) har [sendt føreslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova ut på høyring.](#)

Det er omfattande endringar på organisering som er føreslege m.a.:

- Naturmangfaldlova vil erstatte Plan- og bygningslova som ein av tre lovheimlar for vassforskrifta
- Vassforvaltningsplanen skal ikkje vedtakast som ein regional plan etter plan- og bygningslova. Dette fører til at Fylkeskommunane som i dag er vassregionstyresmakt ikkje lenger vil ha ei formell rolle i arbeidet
- Utvalte fylkesmenn får ansvaret for å koordinere det førebuande regionale arbeidet i vassregionen, dei får status som *Regional vasskoordinatorar*
- Miljødirektoratet, i samråd med aktuelle direktorat, skal utarbeide og sørgje for høyring av oppdaterte vassforvaltningsplanar og sender over ei tilråding til Klima- og miljødepartementet.
- Om vassregionutval og vassområdeutval står det følgjande: *Der det er hensiktsmessig kan regional vannkoordinator innanfor den enkelte vannregionen opprette et vannregionutvalg og dele hele eller deler av vannregionen inn i vannområder.*
- Enkelte justeringar for å bringa vassforskrifta meir i samsvar med vassdirektivet.

Lov – og forskriftsendringane vil tre i kraft frå 1.7.2018. Høyringsfristen er 15.01.2018.